



Saksframlegg

Energi- og klimaplan for Fjord kommune - høyring

Saksnr.	Utval	Møtedato
116/21	Formannskapet	21.10.2021

Utsendte saksdokument:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
15.10.2021	Energi- og klimaplan 2021-2030	1373144
19.02.2021	Temanotat for Energi- og klima	1356987

Kommunedirektøren si innstilling:

Energi- og klimaplan for Fjord kommune 2021-2030 vert lagt ut på høyring. Jf. Plan- og bygningslova §4-1, 5-2 og 11-13.

Formannskapet 21.10.2021:

Samråystes i samsvar med innstillinga.

FS- 116/21 Vedtak:

Energi- og klimaplan for Fjord kommune 2021-2030 vert lagt ut på høyring. Jf. Plan- og bygningslova §4-1, 5-2 og 11-13.

Saksgrunnlag:

Tidlegare vedtak i saka

-Vedtak FS -034/20 23.04.2020 om godkjenning av planprogram, høyring av planprogrammet i 6 veker.

Vedtak FS-019/21 Temanotat for energi- og klima skal leggast til grunn for utarbeiding av klimabudsjett og fastsetting av mål for klimagassutslepp i Fjord kommune.

Saksopplysningar:

Planen er den nye energi- og klimaplanen til Fjord kommune. Kommunen har fått utarbeidd ein Energi- og klimaplan tidlegare (2009) i samarbeid med 12 andre Sunnmørs-kommunar i regi av Norconsult AS. Denne planen har diverre vore lite nytta.

Utgangspunktet for energi- og klimaplanen for Fjord er utsleppstalet frå 2009. Det finst ikkje god

statistikk frå utsleppa frå transport på sjø før i 2015, men vi har likevel valgt å ha utgangspunkt i 2009. Frå 2009 til 2019 har dei totale utsleppa for Fjord kommune gått ned med 17 %. Alle utsleppstal er henta frå Miljødirektoratet. Sidan talgrunnlaget for 2020 ikkje er ferdig har ein dverre ikkje fått 2020-tala med ved framlegging av planen. Vi veit at cruisetrafikken har vore til dels heilt fråværande på fjorden i 2020 og 2021, dette vil vi sjå utslag på i utsleppstala dei neste åra.

Det som gjer store utslag for vår kommune i tida framover er prega av sentrale føringar:

- Elektrifisering av ferjesambandet Eidsdal – Linge
- Elektrifisering i transportsektoren (elbilar)
- Nullutslepp i verdsarvfjordane

Jordbrukssektoren er ein av sektorane der vi har størst utslepp, vi håpar og trur at denne sektoren har stabil produksjon i åra framover og utsleppa slik dei blir rekna ut no, blir i liten grad redusert.

Fjord sine hovudmål for klima og energi

- Innan 2030 skal klimagassutsleppa i Fjord være reduserte med minst 40 prosent samanlikna med 2009. Innan 2023 skal utsleppa vere reduserte med 20 prosent.
- Fjord skal medverke til at Møre og Romsdal oppnår netto null klimagassutslepp innan 2050
- Fjord skal bidra til at Møre og Romsdal oppnår netto null klimagassutslepp innan 2050 gjennom kraftig å redusere utsleppa og auke opptaka av CO₂.
- Fjord skal bidra til å oppnå det globale lågutsleppssamfunnet innan 2050.
- Innan 2050 skal all energibruk i Fjord være fossilfri eller avfallsbasert.

Hovudmåla skal vere utgangspunktet for vidare arbeid med klimagassutslepp i Fjord kommune.

Vi ser at dei nasjonale målsetjingane for klimaarbeidet vert stadig endra og at det skjer kontinuerlig teknologiske endringar som endrar føresetnadane for tiltaka, dette kan vi regulere i klimabudsjettet.

Klimabudsjett som er handlingsdelen til energi- og klimaplanen blir laga i samband med budsjettprosessen kvart år. I klimabudsjettet finn vi både tiltak for Fjord kommune som communal verksemder og Fjord kommune som samfunn.

Gjennom klimabudsjettet får kommunen eit verktøy for å styre mot utsleppsmåla.

Klimabudsjettet sikrar at kommunen set i verk og finansierer tiltak for å redusere utsleppa.

Ansvaret for oppfølging av tiltaka er tydeleg definert. Gjennom regelmessig rapportering på tiltaka, blir målte resultat og framdrift opp mot måla for utsleppsreduksjonar. Klimabudsjettet viser om tiltaka som er vedtekne er tilstrekkelege for å nå målet, eller om det er behov for styrkt innsats. Årleg oppdatering av klimabudsjettet gir moglegheit til å justere kurser.

Klimabudsjettet er transparent og synleggjer ovanfor avgjerdstakarar og interesserantar kva som er utfordringsbildet og korleis kommunen prioriterer innsatsen for å nå målet.

Uttale frå:

Saksverdning og konklusjon:

Det er gjennomført eit svært grundig arbeid for å utarbeide ein ny energi- og klimaplan, og det er lagt stor vekt på å framskaffe historiske tal for å kunne sette seg konkrete mål for å redusere klimagassutsleppa i Fjord kommune.

Administrasjonen meiner planen som ligg føre vil vere eit nyttig verktøy for å nå desse måla, men ber om innspel før planen vert lagt fram for endeleg godkjenning.

Karl André Birkhol
kommunedirektør